

Barnehagane i Seljord kommune

ÅRSPLAN DEL 1

Kva vi gjer, kvifor og korleis



Seljord kommune har to kommunale barnehagar

Seljord barnehage ligg i Seljord sentrum med
avdeling Tussejuv og avdeling Heddeli på kvar si adresse.

Flatdal oppvekstsenter barnehage ligg i Flatdal og er knytt til skulen der



www.seljord.kommune.no

4.9.2020

INNHALD:

Innleiing	s.3
- Lovar og retningsliner	
Samarbeid mellom heimen og barnehagen	s.4
- Overgang heim - barnehage	
- Oppfølging av barnet	
- Rutinar for informasjon mellom heim og barnehage	
- Sjuke barn	
- Avtalar om å bli med kvarandre heim	
- Privat bursdagsfeiring	
- Overgang barnehage - skule	
- Foreldremøte	
- Foreldreråd og samarbeidsutval	
Barnehagen som pedagogisk verksemd	s.6
- Formålet med og innhaldet i barnehagen	
- Vaksenrolla/personalutvikling	
- Sosial kompetanse	
- Læring	
- Den frie leiken	
- Barn har rettar	
- Mangfald	
- Medverknad	
- Progresjon	
- Gruppedeling	
- Dokumentasjon og vurdering	
Tverrfagleg samarbeid	s.10
- Spesialpedagogikk	
- Spesialpedagog og logoped	
- Pedagogisk psykologisk teneste, PPT	
- Helsestasjon v/ helsesjukepleiar og fysioterapeut	
- Barnevernet	
- Vidaregåande skular i Telemark	
- Universitetet i Sørøst-Norge, USN	
Innhaldet i barnehagedagen, fagområde:	s.12
- kommunikasjon, språk og tekst.	
- kropp, rørsle, mat og helse	
- kunst, kultur og kreativitet	
- natur, miljø og teknologi	
- mengd, rom og form	
- etikk, religion og filosofi	
- nærmiljø og samfunn	
Faglitteratur og lenker	s.19

INNLEIING

Vi er opptekne av at ressursane i menneska, naturen og kulturen i den einskilde barnehage skal få utvikle seg og vere til inspirasjon barnehagane imellom. Vi trur på ein delingskultur der vi løftar saman og kontinuerleg jobbar for å auke kvaliteten på tenestene våre i fellesskap.

Planarbeidet for barnehagane i Seljord er delt inn i tre delar.

Årsplan del 1 konkretiserer kva barnehagane i Seljord står for, og gir retning for personalet når dei skal planlegge kvardagen saman med barna. Det er eit oppslagsverk for foreldre og informasjon til samfunnet rundt oss. Planen gjeld for alle barnehagane og blir rullert ved behov.

Kvar haust lagar kvar barnehage ein eigen **Årsplan del 2**. Den inneheld mellom anna årshjulet og satsingsområde for inneverande år. Du finn oversikt over barnegruppene og personalet, og kontaktinformasjon til leiar av foreldrerådet/SU og leiinga i barnehagen.

Del 3 skriv personalet fortløpande på MyKid, ei digital plattform for samarbeid heim - barnehage. Her legg personalet ut periodeplanar og skriv om kva barnet ditt og barnegruppa opplever og erfarer kvar dag. Det er og mogleg å utveksle meldingar mellom heim og barnehage. MyKid erstattar ikkje den daglege kontakten.

LOVAR OG RETNINGSLINER

Innhaldet i barnehagen er bygd på FN's barnekonvensjon, Grunnloven, Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen, i tillegg til lokale planar for undervisningssektoren i Seljord kommune og årsplanen. Desse planane finn du på Seljord kommune sine heimesider.

I tillegg er kunnskap og erfaringar om barns utvikling, evalueringar og tilbakemeldingar frå barna, foreldra og personalet med på å danne grunnlaget for den daglege aktiviteten i barnehagen.

Årsrytme, høgtider, tradisjonar i bygda og ulike prosjektarbeid sett og sitt preg på barnehagedagen.



SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN

Overgang heim - barnehage

Når eit barn har fått plass i barnehagen blir barnet og foreldre/føresette invitert til eit foreldremøte, besøk i barnehagen og to opne dagar for alle nye barn. Etter det fyrste møtet blir familien oppmuntra til å kome ofte på besøk fram mot barnehagestart. Målet er å gjere barnet litt kjent med lokala, sjå andre barn i aktivitet og knytte band til kontaktpersonen. Foreldre/føresette må sette av tid til å fylgje barnet i barnehagen dei fyrste dagane, og må vere tilgjengelege ved behov i startfasen. Mange arbeidsplassar gjev inntil 3 dagar permisjon for tilvenning i barnehagen.



Kvart barn har sin kontaktperson som hjelper barnet til å bli kjent og trygg i barnehagen. Når barnet startar i barnehagen er kontaktpersonen viktig. Etter kvart får barnet like mykje med dei andre i personalet å gjere. I samtalar og observasjonar har personalet fokus på korleis barnet opplever barnehagelivet sitt. Etter kvart som barnet veks til er det med på barnesamtalar i barnehagen. Tema for samtalaner er korleis barnet opplever livet i barnehagen.

Oppfølging av barnet

Jamfør rammeplanen skal barnehagen samarbeide nært og i forståing med foreldre/føresette, og ivareta barnets rett til medverknad. Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som formål. Foreldre/føresette og barnehagen har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Barnet sitt utbytte av barnehageopphaldet blir drøfta med foreldre/føresette i samtalar haust og vår. Tema kan vere helse, trivsel, erfaringar, utvikling på ulike område, leik, læring, sosialt samspel og anna som foreldre/føresette ynskjer å ta opp. Saman med personalet finn ein ut kva ein skal legge vekt på i oppfølginga av barnet. Det skal vere låg terskel for å be om fleire samtalar ved behov både for foreldre/føresette og personalet. Vi erfarer at den daglege kontakten ved levering og henting er den viktigaste samarbeidsforma. Det er avgjerande å få opplysningar om barnet si helse, behov, ynskje og opplevingar slik at vi kan gje barnet best mogleg omsorg og oppfølging.

Barnehagen skal tilpasse seg mange ulike heimar, ynskje og behov. Dersom det er noko du synast er bra, noko du lurar på eller noko du ikkje er nøgd med vil vi gjerne høyre det. De kan og nytte foreldrekontaktane for å gje tilbakemeldingar.

Rutinar for informasjon mellom heim og barnehage

Informasjon om barnehagane ligg på heimesida til kommunen.

I tillegg nyttar vi «My Kid», ein digital kommunikasjonsplattform som forenkler informasjonsflyten mellom heim og barnehage i kvardagen.

My Kid erstattar ikkje den daglege kontakten med føresette.

Sjuke barn

Folkehelseinstituttet har laga retningsliner for sjuke barn og barnehageopphald. Barnehagane i Seljord fylgjer desse. Vi minner og om beredskapsplan for pandemi.

Lenkene ligg på Seljord kommune si heimeside og på My Kid.

Når andre enn foreldra/føresette hentar, skal barnehagen ha beskjed.



Avtalar om å bli med kvarandre heim

Avtalar barna mellom om å bli med kvarandre heim skal avtalast med foreldre/føresette i forkant av barnehagedagen. Minner om å invitere breitt slik at vi kan skape eit inkluderande miljø for alle barn.



Privat bursdagfeiring

Dersom ein inviterer til bursdagfeiring tilrår vi å avgrense på ein måte som alle barna forstår, til dømes berre gutar eller berre jenter, eller ei aldersgruppe. Barna planlegg og snakkar mykje om bursdagfeiring før, under og etter sjølve dagen. Det er vondt å vere den som ikkje har fått vere med, spesielt når det gjentek seg. Det er fint at ein hugsar på kvarandre og kan samarbeide i slike samanhengar. Avtalar om bursdagsfeiring og utdeling av invitasjonar skal ikkje gjerast i barnehagen. Barnehagen markerer barnas bursdagar.

Overgang barnehage - skule

Seljord kommune har ein eigen plan for overgangen mellom barnehage og skule/SFO.



Foreldremøte

Vi har to *foreldremøte* i året der vi tek opp ulike tema som rører ved barns oppvekstmiljø. Barnehagen inviterer til *tre samlingar i året av meir sosial karakter*. Det kan vere haustkafe, vårdugnad, sommarfest eller anna.

Foreldreråd og samarbeidsutval

Alle foreldra er medlem av *foreldrerådet*. Foreldrerådet er eit forum der føresette kan møtast, drøfte saker og kome med innspel til barnehagen. Leiar og nestleiar blir vald for eitt år på foreldremøte i august/september.

Dei representerer foreldra i SU.

Samarbeidsutvalet består av representantar frå foreldra, personalet og eigar. Einingsleiar leiar møtet. Styrar kallar inn og skriv referat. Utvalet konstituerer seg sjølv på fyrste møte. Tilsette- og foreldrerepresentantane blir vald for eit år. Samarbeidsutvalet skal drøfte barnehagens innhald, fastsette årsplan og fremme kontakt mellom barnehagen og heimane.

Foreldremøter og samarbeidsutvalet (SU) er sentrale organ for evaluering av drifta opp mot lokale og nasjonale målsettingar. Vi gjennomfører foreldreundersøkingar annakvart år.

BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Formålet med og innhaldet i barnehagen

I følge rammeplanen skal barnehagen fremje ein barnehagedag fylt med omsorg, danning, leik og læring. Utvikling av sosial kompetanse, kommunikasjon og språk er sentralt for å kunne samhandle med andre barn og vaksne. Barna skal medverke til eigen utvikling, og vere med å forme barnehagekvardagen sin. Samspel skal skje i ein atmosfære prega av humor og glede.

Vaksenrolla/personalutvikling

Vi har alle vår eigen personlegdom. Og gjennom samspel med andre blir vi spegla, og vi blir kjent med oss sjølv og forma som menneske.

For å møte rammeplanens krav fokuserer vi på bevisstgjeriing og endringskompetanse kring haldningar, kunnskap og ferdigheiter knytt til arbeid med barn. Alle barnehagetilsette i Seljord er pedagogiske medarbeidarar med ansvar for å halde seg oppdatert og delta aktivt i utvikling av ein felles pedagogisk plattform. Personalet skal bidra til utvikling gjennom øving, og refleksjon over faglege og etiske problemstillingar, praktisk hjelpe kvarandre og samarbeide, gje kvarandre tilbakemeldingar på praksis, og aktivt delta i veiledning individuelt og i gruppe.



Vi har ein godt etablert og funksjonell møtstruktur for personalsamarbeid og personalutvikling. På dagtid: planleggingsdagar, pedagogiske leiarmøte/ teamleiarmøte, gruppemøte, medarbeidarsamtaler og kurs. På kveldstid: fagtreff, pedagogmøte og personalmøte.

Sosial kompetanse

er eit sett av haldningar, kunnskap og ferdigheiter, som vi treng for å meistre å vere saman med andre, som t.d. evne til empati og sjølvkontroll, å kunne ta ansvar, hevde seg sjølv, samt evne og vilje til samarbeid.

Grunnlaget for desse ferdigheitane blir lagt i førskulealder. Barn lærer fyrst og fremst av sine foreldre/føresatte og av andre vaksne som er tett på, mellom anna barnehagepersonalet. Vi er avhengig av tillit og godt samarbeidsklima for å kunne bidra positivt til barns utvikling. Det er alltid den vaksne sitt ansvar å skape eit godt læringsmiljø for alle barn. Når vi skal hjelpe barn til å bli den beste utgåva av seg sjølv må vi vaksne vere bevisste vår eigen sosiale kompetanse, og vere opptekne av korleis vi sjølve påverkar relasjonane vi inngår i (relasjonskompetanse). Vi har ansvar for å vere tydelege rollemodellar og sørge for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldre.

Relasjonskompetanse er «*kunnskap, ferdigheter, evner og holdninger som etablerer, utvikler, reparerer og holder ved like relasjoner mellom mennesker*».

Jan Spurkeland

Læring

Barn lærer ved å vere aktive med heile kroppen og alle sansar. Barn er naturleg nysgjerrige og lærer gjennom å undre seg og forske i fellesskap med andre barn og vaksne.

Barn tek til seg ny kunnskap og lærer av erfaringar ved å bygge stein på stein. På den måten blir motivasjon skapt,

dei oppdagar samanhengar og ulike erfaringar blir meir nyanserte og får ny mening.



Personalet skal skape rom for barns egne initiativ og innspel., og må vere opptekne av å støtte opp om og utvikle barns kreativitet og lærelyst.

I følge rammeplanen skal personalet legge til rette for rike og varierte opplevingar, erfaringar og utfordringar. Dei skal reflektere saman med barna og bidra til å skape forståing og meistring. Dette krev at personalet ser og er nysgjerrige på barns perspektiv. Dei må kalle fram og utvikle eigen kreativitet og nytte motivasjonen hos barnet til å utvikle det som oppstår. Ved å stille opne spørsmål og vere undrande saman med barna og anerkjenne tankane og kjenslene deira, kan vi få tak i kven barnet er og kva det har av erfaringar, og hjelpe dei vidare ut frå sin eigen ståstad. Personalets oppgåve er å gjere barna i stand til å finne ut av livet sitt og verda, og ruste dei til å ta egne val.

Barn er ulike og lærer til ulike tider og på ulike måtar. Barn lærer i alle situasjonar. Den største læringsarenaen i barnehagen er gjennom leik og kvardagsaktivitetar.

Den frie leiken på barns premisser er barns veremåte, og barndommens eigenart. Leiken er barns arbeid og deira uttrykksform. Leiken har sin eigen verdi og det er ein eigen kultur. Eit leikefellesskap legg grunnlag for fellesskap og vennskap. Det er ein arena for språkleg og sosial samhandling. I leiken bearbeider barna sine opplevingar, dei utforskar, tek til seg kunnskap, erfaringar og verdsett. Største delen av dagen i barnehagen handlar om leik.

Å få delta i leik og få vener fyller barnehagekvardagen med mening og trivsel for

barn. Ein god leikar står godt i eige liv. Ein god leikar spreier glede, er raus, nysgjerrig, kreativ og inkluderande. Barns frie leik er spontan og kjem heilt naturleg for dei aller fleste. Nokre barn treng hjelp for å kome i gang med å lære seg leikekodane. Felles opplevingar er ei kjelde til inspirasjon og inkludering i leiken.

Personalet skal legge til rette for lengre leikeperiodar, både inne og ute, med minst mogleg avbrot slik at ein får tid til å fordjupe seg. Personalet skal både observere og vere aktivt deltakande i samhandling og samtale med barna i leiken og andre daglege gjeremål. Ein må ha god tid, gje fridom, vere kreativ og fleksibel for å kunne støtte barns leik. Og ein må vere raus og få til smidige overgangar frå leik til annan aktivitet.

Personalet skal inspirere til leik m.a. gjennom å gje barna felles opplevingar og legge til rette for gode fysiske leikemiljø ute og inne. Dei skal vere tett på slik at dei kan bidra til å støtte og utvikle leiken undervegs. I leikeperiodane kan barna vere ute eller inne. Alle må vere ute i løpet av dagen. Ingen barn skal vere åleine nokon stad. Jo fleire av personalet som har kome på jobb, dess større leikeareal tek vi i bruk ute og inne.

Barn har rettar

- om å fremme psykisk helse

Barns rettar er nedfelt i FNs barnekonvensjon og grunnloven, og vi har mykje forskning som peikar på kva som er bra for barn (salutogenese).

I Barnehagane i Seljord er vi opptekne av å skape rammer som fremmer god fysisk og psykisk helse. Kvar dag har vi rutiner for sunn mat, frisk luft, rørsle og kvile. Vi er opptekne av å vere bevisst korleis vi anerkjenner barns tankar og følelsar, og skal hjelpe dei å handtere det respektfullt ovanfor både seg sjølv og andre, uansett kva for utgangspunkt barnet har å møte verda med. Det einskilde barnet sin integritet skal i varetakast samtidig som omsynet til dei andre barna også blir ivareteke. Barna og familiare deira skal oppleve seg respektert og inkludert, og kjenne tilhøyring i barnehagane våre.

Barn utviklar seg best i samspel med andre der ein sjølv får vere aktiv, og opplever gjensidig glede og felles fokus på oppgåver som skal løysast. Og det gjeld å få til akkurat passe motstand/utfordring og akkurat passe støtte som bidreg til oppleving av meistring. Til det trengs det varme og sensitive vaksne, vaksne som evner å avgrense seg sjølv, vaksne som vil og som strekk seg langt for å få sjå, lytte, bekrefte og validere barns tankar, følelsar og handlingar. Vaksne som støttar, trøystar, motiverer, og rettleiar, og som finn løysingar i eit gjensidig samspel med barna og familien deira.

Personalet skal vere nysgjerrige på og skape rom for barns eigne initiativ og

innspel. Barna skal oppmuntrast til å vere nysgjerrige og utforske, prøve seg fram og gjere egne erfaringar. Tryggleik, glede og meistring er grunnleggande for å utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og tru på egne evner. God sjølvkjensle gir tryggleik og evne til å hevde seg sjølv. Ein vert rusta til å ta egne val, og meir robust til å tole motstanden som kjem. Med det er ein og meir rusta til å stå opp for seg sjølv, og gripe inn og vise solidaritet med andre.

Mangfald

Det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Barn påverkar og blir sjølv påverka. Utvikling av sosial kompetanse, språk og kommunikasjonsevne vil vere med på å førebyggje diskriminering, krenking og mobbing.

Det vil utjamne sosiale forskjellar og bidra til likestilling på ulike område. Barna skal oppmuntrast til både sjølv å ta imot og å vise omsorg for kvarandre.



Medverknad

Barna skal medverke til og erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. Personalet skal involvere barna i daglege oppgåver så langt det let seg gjere. Barna skal delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda generelt. Personalet skal legge til rette for rike og varierte opplevingar, erfaringar og utfordringar. Dei skal inspirere og motivere, påverke og medverke, og støtte opp om og utvikle barns kreativitet og lærelyst. Gjennom medverknad vil barna få erfaringar som vil bidra til ei gryande forståing av demokrati.

Progresjon

Barn har ulik personlegdom og ulike erfaringar når dei kjem til barnehagen, og dei utviklar seg og blir modne i ulikt tempo. Det betyr at dei må møtast ulikt. Personalet skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiell og utforming av fysisk miljø.

Gruppedeling

I mindre grupper er det betre rammer for barna å bli sett og høyrte, og for å kome fram med egne bidrag inn i fellesskapet og å få respons. Barna og personalet kjem tettare på kvarandre. Dette gjev eit betre læringsmiljø.

Vi kan dele inn i grupper på fleire måtar alt etter kva målet er. Gruppedeling er avhengig av vaksentettleiken på gruppa.

Dokumentasjon og vurdering

- Personalet skriv litt kvar dag om korleis dagen har vore, og i løpet av veka legg ein ut bilete til foreldre/føresette på My Kid. Vi lagar nyheitsbrev som inneheld planane framover og evaluering av perioden som ligg bak oss. Konkrete hendingar blir ført i kalenderen.
- Nokre av arbeida til barna lagar vi utstillingar av. Utstillingane blir gjort i samarbeid med barna. Barnehagen tek vare på nokre av arbeida fram til dei sluttar i barnehagen. Alt blir samla i ei mappe som blir delt ut på sommarfesten.
- TRAS, MIO og Alle Med er kartleggingsverktøy for språk, matematikk og sosiale ferdigheiter. Personalet nyttar kartleggingsverktøy som hjelpemiddel til å observere og følge opp det enkelte barn og barnegruppa. Vi nyttar og fargeanalyse og sosiogram til å kartlegge relasjonar. Det finnast fleire metodar som kan bidra til å dokumentere ulike område og som kan gi oss ein indikasjon på kva vi bør legge vekt på i det fortløpande arbeidet til ein kvar tid. Dokumenta vert sletta etter bruk.
- Barnet og barnegruppa sitt utbytte av barnehagedagen blir vurdert gjennom formelle barnesamtaler og spontane samtaler i kvardagen med det enkelte barn og barnegrupper og i foreldresamtaler.
- Vi nyttar praksisforteljingar til å fokusere på ulike meistringssituasjonar eller utfordringar personalet står oppe i. Det blir analysert i gruppemøte og på personalmøte/planleggingsdagar. Vi ynskjer å nytte meir filming og øving gjennom rollespel framover. Blir dokumentert i referat.
- Referat frå aktuelle møte blir lagt på My Kid.
- Årsplan del 1 og 2 er og ein dokumentasjon på korleis vi tenker og driv barnehagen.



TVERRFAGLEG SAMARBEID

Spesial pedagogikk

Barnehagen skal syte for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den tilrettelegginga som er nødvendig for å gje barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Alle barn skal bli møtt på sine behov, uansett utgangspunkt. I kvardagen skal vi drive heilskapleg og kontinuerleg inkluderingsarbeid for alle barn etter spesialpedagogiske prinsipp. Vi vel tiltak bygd på kunnskap, erfaringar og forskning som vi veit er bra for barn i utvikling. Vi planlegg, sett tiltaka i system og

gjennomfører over tid. Tiltaka blir bakt inn i det allmennpedagogiske arbeidet og vil etablere seg som vår pedagogiske grunnmur. Nokre barn treng ytterlegare tilrettelegging i ulike situasjonar.

Spesialpedagog og logoped

I Seljord har barnehagane støtte i *spesialpedagog og logoped* som kartlegg og følger opp barn og rettleier personalet.

Pedagogisk psykologisk teneste, PPT

Barnehagane er med i Forum for systemretta arbeid i Vest-Telemark (FSB) i regi av PPT. Her kan vi drøfte anonyme saker vi står oppe i og få rettleiing. Drøftingane kan leie til at PPT kjem til barnehagen for å observere barnet, barnegruppa og personalet for å gi innspel til arbeidet. Det skjer med samtykke frå foreldra, og foreldre er med på oppsummeringa.

Nokre gongar fører samarbeidet til ei oppmelding til PPT der foreldre og/eller personalet ber om ei kartlegging og vurdering av behov for ekstra oppfølging. Det munnar ut i ei sakkunnig vurdering som kan gje grunnlag for å søke om ekstra ressursar for ein periode.

Helsestasjonen v/ helsesjukepleiar og fysioterapeut

Helsesjukepleiar besøker 3-åringane i barnehagen og førebur dei på 4-årskontrollen. Fysioterapeut følger opp enkelt barn i barnehage, andre gongar vert personalet rettleia i treningsprogram dei skal følge opp med enkeltbarn.

Barnevernet

Barnehagen kan gi støtte og veiledning til foreldre i samhandlinga med eige barn. Barnevernet har mandat til å veilede på heimebane rett inn i situasjonar ein opplever der. Initiativ til dette kan kome frå foreldra og/eller barnehagen. Barnehagen må ha løyve frå foreldre for å be om det. Dersom det er mistanke om vald eller anna alvorleg omsorgsvikt skal barnehagen melde direkte til barnevernet.

[Vidaregåande skular i Telemark](#) nyttar barnehagane til utplassering av elevar.

Universitetet i Sørøstt-Norge, USN.

Seljord barnehage har inngått avtale om å ta imot og rettleie studentar i praksis. Det er med på å bringe fagkunnskap og refleksjonar inn i arbeidet vi driv i eigen organisasjon.

INNHALD I BARNEHAGEDAGEN

Rammeplanens sju fagområde speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Fagområda heng saman og går over i kvarandre og er ein gjennomgåande del av alt innhald i barnehagen. Fagområda er i stor grad dei same som barna møter som fag i skulen:

- 1) Kommunikasjon, språk og tekst
- 2) Kropp, rørslé, mat og helse
- 3) Kunst, kultur og kreativitet
- 4) Natur, miljø og teknologi
- 5) Mengd, rom og form
- 6) Etikk, religion og filosofi
- 7) Nærmiljø og samfunn



Leik og læring er uløyselig knytt saman.

Fagområdet kommunikasjon språk og tekst

Samtala

Samhandling i leik, og kvardagssituasjonar som måltid, garderobe og bleieskift m.m. er ein naturleg arena for praktisering av språket. Det er praktisk øving som skal til for å utvikle seg. Personalet skal setje seg sjølv på vent og gi barna tid, rom og støtte for at dei skal få uttrykke seg. Personalet skal stille opne spørsmål for å gi rom for nysgjerrighet og undring, og for å få tak i og spegle barns eigne tankar, følelsar, meiningar, og initiativ m.m.

Utvikling av språkbevissthet hos personalet og barna

Kvar dag øver vi munnmotorikk og lydar i språket vårt. Vi klappar rytmen i ord, deler inn i stavingar, lyttar ut og fokuserer første lyden i orda og har fokus på begrep som lydar, bokstavar, setningar og punktum. Vi peikar ut lese- og skriveretning. Vi har månadens dikt og song som barna lærer utanåt. Bruk av rim og regler, song og dans møter barns ibuande rytmesans og stimulerer språkutviklinga.

Litteratur

Barna skal bli glad i å lese bøker, det gjev dei litterære opplevingar. Barna blir kjent med seg sjølv og får kunnskap om omverda gjennom rollefigurar og hendingar i forteljingane. Det kan setje i gang undring, refleksjon og inspirasjon til samtale, leik, og eigen tekstproduksjon. Å lese for barn styrker språkutviklinga og førebur utvikling av skriftspråket deira. Bøker er tilgjengeleg for barna til ei kvar tid slik at dei kan lese og bli lest for på eige initiativ. Vi les og i samlingstunder, kvilestunder og ved ettermiddagsmåltida. Vi nyttar både bøker i papir og lydbøker. Vi nyttar nynorsk språk og litteratur så langt det let seg gjere.

Biblioteket

Vi nyttar det lokale biblioteket og alle barn får bli med på biblioteksbesøk. Vi låner bøker og les medan vi er der, og vi låner med oss bøker til barnehagen. Biblioteket arrangerer egne opplegg som barnehagane blir invitert til. Flatdal oppvekstsenter har eige skule- og barnehagebibliotek.



Barn med språkutfordringar

Barn med anna morsmål og barn med andre språkutfordringar får ekstra oppfølging i det daglege. Døme på dette kan vere tettare vaksenkontakt i gruppa, og at ein flettar inn aktivitetar som fremmer utvikling på utfordrande område. Det kan mellom anna vere visuell språkstøtte gjennom bruk av dagtavle, situasjonstavler, merking av ulikt slag, og norsk med teiknstøtte. Personalet får rettleiing av logoped og spesialpedagog som jobbar direkte med barna.

Fagområdet kropp, rørsle, mat og helse

Hygiene

Barna vaskar hender når dei kjem og når dei reiser frå barnehagen, og fleire gonger gjennom dagen for å redusere smitte. Føresette/personalet registrerer barna inn og ut. Ta alltid kontakt med personalet før de går. Vi vil gjerne fortelje litt om dagen, utveksle nødvendig informasjon og takke for i dag.

Toalettbesøk og bleieskift

Tidspunkt for toalettbesøk og bleieskift heng ofte saman med måltida. Vi oppfordrar også barna til å ta ein tur innom toalettet før dei skal ut å leike eller på tur. I overgangen til å bli tørr øvar barna på å gå på toalettet ved bleieskiftet. Det er store variasjonar mellom barn for når dei er klare for å slutte med bleie. Når tida er inne er det viktig å ha mykje klesskift tilgjengeleg. Barna lærer å vaske hendene etter toalettbesøk.



Påkledning

Barna skal lære å kle av og på seg sjølve og gjere erfaringar med kva slag klede som passar til ulikt ver og ulike årstider. Barna blir oppmuntra til å hjelpe kvarandre i garderoben, og dei skal halde orden på plassen sin. Her må og føresette hjelpe til ved levering og henting. Hugs å ha liggande godt med skift og klede til all slags ver. Veret kan skifte fleire gonger om dagen. Vi har ikkje moglegheit til å tørke klede i barnehagen. Vi har heller ikkje lånetøy. Dersom noko manglar som hindrar aktivitet så ringer vi foreldre/føresette for å finne ei løysing. For nokre barn er det ekstra viktig at kleda er reine og heile.

Det er viktig å merke klede og utstyr.

Mat og måltidsaktivitetar

Vi serverer tre måltid om dagen og har gjennom det påverknad på barnas matvanar og helse. **Vi fylgjer dei nasjonale retningslinene for matserving i barnehagen.** Menyen vert sett saman på bakgrunn av årstider, lokale og nasjonale mattradisjonar med innslag av mattradisjonar frå andre land som er representert i barnehagen. Barna er med på å lage eit varmt måltid to gongar i månaden, og dei er med på å bake. Ute lagar vi mat på bålet. Fødselsdagar markerer vi med frukt og grønnsaker i ulik form. Barna skal lære ferdigheiter som å smøre brødskiva, skjære ost og å helle mjølk. Dei er med på å dekke bord, ta av bordet, fylle drikkeflaskene sine, og vaske opp.

I pandemisituasjonen som vi har no, har barna med seg niste med brød og frukt heimanfrå. Barna skal ikkje vere i kontakt med maten til kvarandre. Barna et frukost heime. Innimellom legg vi opp til matlaging som ein aktivitet. Då lagar personalet maten medan barna får sjå på og snakke om det som føregår. Det har ein verdi i seg sjølv. Maten blir delt ut porsjonsvis.

Vi er nøye med handvask før og etter måltid. For å samle oss startar vi alltid med eit bordvers, og vi tek oss god tid til å ete, snakke saman, og hjelpe kvarandre. Barna skal oppleve ro og glede under måltidet. Dei får gå ifrå når dei er ferdige og har takka for maten. Barna skal erfare at vi brukar rester, og unngår å kaste mat unødvendig. Vi sorterer søppel.



Barnehagane har sine egne små kjøkkenhagar der vi dyrkar litt av eigen mat og får på den måten følge prosessen frå jord til bord. Barnehagane samarbeider med Seljord økologiske hage.

Fysisk aktivitet

I tillegg til turar i nærmiljøet og i skogen har vi i periodar tilgang på gymsal. Her får barna store flater å boltre seg på i lek og tilrettelagte aktivitetar innandørs. Her får barna kjenne glede, trivsel og meistring. Dei blir utfordra og må vurdere risiko og setje motet sitt på prøve, nokre gongar ved å hoppe frå høgder og lande trygt på tjukkassen eller krabbe gjennom ein trong tunnell i hinderløypa m.m. Vi legg opp til samarbeid i ringleik, regelleik og dramatisering. Ein kan få kjenne på konkurranseinstinkt i lagkonkurransar. Her er god plass til å springe, rulle, snurre, danse, leike med ball og organisere regelleikar.



Barna blir kjent med eigen kropp og øvar på å setje egne grenser. Dei må forhalde seg til andre sine kroppar og deira grenser. Dei lærer å regulere åtferd og kjensler i trygge omgjevnadar.

Kvile

Utkvilte barn lærer best. Barn tek naturlege pausar når dei treng det. For nokre kan det vere utfordrande å finne ro på eiga hand. I løpet av dagen, ofte etter måltidet, legg vi opp til at alle får høve til å kople av og kvile. Det er mange måtar å finne ro på. Vi kan gjere avspenningsøvingar. Av og til let vi att augo og lyttar til roleg musikk eller lydbok. Kombinert med at nokon stryk deg over håret eller på ryggen, kan det vere kort veg til ein liten dupp. Andre gongar kan ein gå saman to og to og trille ein massasjeball over kroppen til kvarandre. Andre gonger les vi ei bok saman eller lyttar til lydbok. Dei som søv ligg i eigne vogner ute.

Vi har sovevakt som er saman med barna medan dei søv.



Psykisk helse

Sjå Barn har rettar.

Dei siste åra har vi blitt meir og meir opptekne av følelsane si betydning for læring, såkalt nevroaffektiv utvikling. Vi er inspirert av Susan Hart sitt arbeid og har dratt nytte av Øyvind Fallemyr sin følelsesguide. Vi nyttar oss og av opplegget til Solfrid Raknes, «Grønne tanker - glade barn».

Fyrstehjelp, brannvern og sikkerheit i trafikken

Dokka Henry lærer oss om førstehjelp, Raude Kross-bamsen Bjørnis lærer oss om brannvern, frå Stiftinga Norsk brannvernforening.

Handdokka Tarkus lærer oss å ferdast trygt i trafikken, frå Trygg trafikk.

Fagområdet kunst, kultur og kreativitet

Frå boka «Relasjonskompetanse i barnehagen» av Lysebo og Bratt, Pedlex 2017: Ordet kreativitet kjem av latin «creare» som tyder å skape. Kreativiteten er i oss alle og må ivaretaast, utviklast og haldast ved like. Vi kan skille mellom to former for kreativitet: den eine er avhengig av talent og vi kan sjå den hos kunstnarar, og den andre kan karakteriserast som ei kreativ haldning, ein spørjande, nysgjerrig og utforskande haldning til livet og menneska rundt oss. Det siste ynskjer vi skal prege barnehagane våre. Kreativitet er ein relasjonell ferdighet. Gode relasjonar og eit godt arbeidsmiljø med mange relasjonskompetente kollegaer fremmer kreativitet, - og motsett. Kreative enkeltpersonar spreier positiv energi som er med på å fremme gode relasjonar og eit godt arbeidsmiljø.

For barna sin del handlar det om eit læringsmiljø som gir tryggleik, trivsel og utviklingspotensial for heile mennesket, sjå kapitlet «Barnehagen som pedagogisk verksemd».



Rammeplanen seier at barna skal få høve til å uttrykkje det dei opplever på forskjellige måtar, og arbeide tverrfagleg og heilskapleg. Ulikt materiell

og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøkar og musikk og anna skal vere tilgjengeleg for barna. Ein skal leggje til rette for fordjuping, attkjenning og gjentaking i innhaldet og arbeidsmåtene i barnehagen.

Barns leik er og ein kreativ prosess der inntrykk og uttrykk høyrer saman. Rolleleiken kan samanliknast med ei teateroppsetning på mange måtar. Leiken består av ulike roller, kostymer, kulisser og produksjon av manus. Det krev regi og samarbeid m.m.

Musikk, dans og teater

Barn og vaksne syng spontant i kvardagen. Og vi har instrument som blir nytta i større og mindre grupper med ein vaksen. I samling syng vi og framfører månadens song og dikt og andre variasjonar som passar inn i tema vi held på med. Vi har og fokus på lokale musikk-, dans- og forteljartradisjonar.



Til sommarfesten jobbar førskulegruppa med eit lokalt segn og set opp ei teaterframsyning. Dei jobbar med tekst, musikk, ulike rollefigurar, kostymer, rekvisittar og mykje meir.

Inspirasjon hentar vi m.a. i forteljingar, i naturen, i leiken, gjennom å ta imot omreisande førestillingar, både konsertar og teater, utstillingar m.m. Vi lagar våre eigne utstillingar i barnehagen. Vi har utøvande kunstnarar i lokalmiljøet som det kan vere aktuelt å samarbeide med.

Forming

Ein variasjon av formingsmateriell og utstyr er tilgjengeleg for barna i det daglege. I periodar har vi fokus på ulike teknikkar barna skal erfare og kunne uttrykke seg med, t.d. måling, fargeblanding, trykk og leire, blyant, fargestiftar og andre teikneverkty, leire, resirkulering av papir, og erfaring med nål og tråd og vev.

På uteleikeplassen er sandkassa ein ynda plass å utfalda seg i. Og vi snekrar. I skogen vert det spikka og samla naturmateriell ein kan leike med, lage noko av og uttrykke seg med. Fokuset vårt skal vere på prosess og ikkje resultatet.

Film, arkitektur og design

Innføring av iPad i barnehagen gjer det mogleg å la oss inspirere og skape innanfor ulik design, arkitektur, fotokunst, og film.




Fagområdet natur, miljø og teknologi

Turar i skog og mark, gapahuk og grillhytte

Barna skal bli glade i naturen gjennom gode opplevingar og erfaringar. Vi er ute i barnehagen kvar dag, og ofte på tur i skogen og nærmiljøet, gjerne 1-2 gonger i veka. Vi får kjenne årsrytmen og alle slags værtyper på kroppen.

Barna skal bli kjende med tre, blomar og dyrelivet i området, og få innsikt i livssyklusen til planter og dyr og mennesket. Livet tett på naturen byr på lek, fysisk utfolding og sanseopplevingar, utforsking, undring og eksperimentering med naturfenomen og fysiske lover, innsamling av naturmateriell til lek og estetiske/kulturelle uttrykk t.d. forming og musikk.



Vi lagar mat i bålpanna. Vi har fokus på bærekraftig utvikling og miljøvern ved å hauste av naturen og ikkje øydeleggje den. Vi plukkar med oss søpla etter oss sjølv og andre.

Fagområdet mengd, rom og form

Matematikk i dagleglivet krev bevisste vaksne som utnyttar samspelet med barna til å peike på og vere i matematikken vi omgjev oss med i kvardagen. Førebuing av måltid og matlaging er ein arena der barna får mykje matematisk erfaring gjennom måling, veging, mengde, teljing, tal, samanlikningar, storleik, former, fargar, mønster, sortering og omgrep m.m. Det same gjeld for ulike formingsaktivitetar og handtverk som t.d. snekring og spikking.

Å pusle og spele spel gjev barna erfaringar i å vente på tur og samarbeide, tape og vinne. Det utviklar språk, omgrep og matematikkforståing, og det gir sosiale opplevingar.

På turar i bygda, ferdsel i naturen og aktivitet i gymsal får ein utfordra sansane, utvikla forståing av tid og rom, naturleg motivasjon for problemløysing og uthaldenheit.

Ulike typar kreativt leikemateriell t.d. klossar, kasser, konglar, korkar, sand, vatn, stofflengder, pinnar og plank, er gode måtar å erfare mengde, tal, storleik, dele og gange, trekke frå og legge til m.m.

Gjennom bruk av dagtavle, eller gjennom t.d. påkledning i garderoben er vi naturleg innom rekkefølger, først og sist m.m.

Fagområdet etikk, religion og filosofi

Samling

I samlinga får barna felles opplevingar i gruppa si. Innhaldet i samlinga vil vere prega av dagens hendingar, barnas interesser, ulike prosjekt, årets rytme og høgtidene. Metodane representerer eit mangfald: song, musikk, dikt, regler, høgtlesing, forteljingar, samtaler, dramatisering, multimedia m.m. Vi har og fellessamlingar på tvers av alder. Samlinga kan både vere ei kjelde til inspirasjon for leiken, ein arena for språkarbeid og ulike prosjektarbeid, og ein arena for å ta opp ting som rører ved gruppefellesskapet. Her får ta del i andre sine kjensler, tankar, meiningar og erfaringar, og ein får sjølv fortelje og stille spørsmål. Det er ein arena for å øve på å stå fram.



Høgtider og religiøse merkedagar

- *Jol og advent* blir markera med tradisjonell bakst, jolepynt, songar og forteljingar. Vi har fokus på å gi og å bety noko for andre.
- *Samefolkets dag 6.februar* blir markert med fokus på samane si historie, kultur og tradisjonar.
- *Fastelavn* blir markert med forteljing og bollebakst.
- *Karneval*. Vi kler oss ut, syng, dansar og et god mat.
- *Påske* blir sett i samanheng med våren og nytt liv, og blir markert med litteratur, songar og ulike aktivitetar.
- *17.mai*. Barna får høyre om kvifor vi feirar 17.mai, dei lærer om flagget og blir kjende med nasjonalsongen og andre 17.mai-songar.
- *Markering av høgtider knytt til andre kulturar og deira tradisjonar* blir gjort i samarbeid med heimane.

Andre markeringar

- *Fødselsdagar* markerer vi med bilete av barnet, vi flaggar, tenner ljøs og syng. Og vi lagar ein vri på fruktmåltidet.
- *Dyrsku'n*. Tema knytt til dyrsku'n.
- *I samband med FN-dagen og verdsbarnedagen* blir vi betre kjende med tradisjonar frå andre kulturar som er representerta i barnehagen. Vi fokuserer og på barns rettar.
- *Barnehagedagen i mars* er ei nasjonal markering av eit tema knytt til barnehagelivet.

Fagområdet nærmiljø og samfunn

Turar i nærmiljøet

Barna skal bli kjent i bygda si. På turane blir barna kjent med lokal historie og tradisjonar, segn og songar knytt til plassar vi besøker. Seljord kommune har sett opp kikkeskap som vi besøker på turane våre. Der kan vi lytte til forteljingar og musikk knytt til plassen vi er på. Dette er med på å styrke barnas identitet og tilhørslse.



Staden vi bur på og familiane til barna knytt oss saman i eit mangfald av familieformer, ulike levesett, yrke og kulturar. Det gjev verdifulle erfaringar om ulike samanhengar i livet og samfunnet. Det gjev næring til leiken.

Barna skal lære å orientere seg i nærmiljøet og å ferdast trygt i trafikken. Når vi går turar i bygda fokuserer vi på trafikkopplæring.

Barna skal å lære seg å ferdast trygt ved vatn. Det er alltid med personal som har godkjent utandørs livredningskurs. Vi har livline med i sekken.

Samisk kultur

I følgje rammeplanen skal vi gje barna kunnskap om samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar. Vi markerer samenes nasjonal dag kvart år, 6.februar.



Faglitteratur:

- nokre av dei vi har latt oss inspirere av og har jobba med dei siste åra

Ingrid Lund (2016), «De er jo bare barn» Om barnehagebarn og mobbing. Pedlex (2016), Mobbing i barnehagen. Anerkjennelse som forebygging. Pedlex (2018), Samarbeid mot mobbing i barnehagen. Pedlex

Kari Pape (2013), Jakten på den gode barndom, lekende og inkluderende miljøer i barnehagen. Kommuneforlaget.

Line Melvold, red. (2017) Livsmestring i barnehagen: Å bære sin egen bagasje. Kommuneforlaget

Line Melvold, red. (2019) Barn er budbringere: en veiviser til psykisk helsefremmende barnehager. Kommuneforlaget

Lenker:

- sjå og MyKid og heimesida til kommunen

- FN's barnekonvensjon
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>
- Rammeplan for barnehagen
<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>
- Planar for undervisningssektoren
<https://www.seljord.kommune.no/undervisningssektoren.492342.nn.html>

Sektorplanar:

- Handlingsplan for undervisning
- Plan for samarbeid om overgang frå barnehage til skule/SFO og ungdomskule i Seljord
- Plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Strategiplan for IKT i skule og barnehage

Barnehage:

- Plan for språkstimulering for barnehagane i Seljord
 - Plan for forebygging og tidleg innsats i barnehagane
 - Plan for handtering dersom barn blir borte frå barnehagen
 - Beredskapsplan for pandemi
 - Plan for trafikksikkerhet, ligg til godkjenning
- Retningslinjer for matsservering i barnehagen, FHI
<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>
 - Retningslinjer ved sjukdom, FHI
<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>
 - Grønne tanker glade barn
<http://solfridraknes.no/4-7-ar/boker-og-bamser/gronne-tanker-glade-barn/>
 - Tarkus
<https://www.tryggtrafikk.no/barnehage/>
 - Henry
<https://www.rodekors.no/tilbudene/henry---forstehjelp-for-barnehagebarn/>
 - Bjørnis
<https://brannbamsen.no/barnehager/materiell-for-barnehager>